

Møteinnkalling

Utvalg: **Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen**
Møtestad: Sørre Hemsing, Vang
Dato: 06.04.2018
Tidspunkt: 10:30

Eventuelt forfall må meldast snarast til 947 89 126 (Magnus) eller 94880564 (Kari).
Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Det er bestilt lunsj til kl. 12:00.

Etter lunsj er det invitert til dialogmøte med hjelpekorpsa i Øystre Slidre og Vang/Grindaheim og representant frå politiet for å gå gjennom opplegget for kjentmannskøyring i verneområde.

Vel møtt!

Med helsing

Kari Sveen

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 9/2018	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 10/2018	Referatsaker		
RS	Referat frå møte 20.3.2018 ang. området ved Gjendeosen - Vågå		2016/8336
ST 11/2018	Delegerte vedtak		
4/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018-2021 - Vedhogst ved Gjendebru - Gjendebru Turisthytte v/ Lars Åge Hilde		2018/1552
5/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone ved Stetind - Visit Jotunheimen		2018/1660
6/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utskifting av sperregjerde og rydding av vegetasjon i Veslådalen - Storådalen Beitelag		2018/1710
7/2018	Gjendebåten - søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med vedlikehald på brygga i Memurubu		2018/1285
8/2018	Delegert vedtak - forlenging av tidlegare gitt dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel 2018-2020 - Bruk av båt og snøskuter på Gjende for overvåking av store innsjøer - NINA v/Knut Andreas Eikland Bækkelie		2018/1246
9/2018	Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Lågtflyging i samband med totaltelling av villrein - Vest-Jotunheimen villreinutval		2018/1331
10/2018	Delegert vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming Høgruta i Jotunheimen - Fri Flyt		2018/1561
11/2018	Delegert vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar og saltstein - Storådalen beitelag		2018/1576
ST 12/2018	Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - Prioritering av tiltak - 2018		2017/6959
ST 13/2018	Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen		2018/1852
ST 14/2018	Eventuelt		

ST 10/2018 Referatsaker

Referat frå møte 20.3.2018 ang. området ved Gjendeosen - Vågå

2016/8336

ST 11/2018 Delegerede vedtak

4/2018 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018-2021 - Vedhogst ved Gjendebru - Gjendebru Turisthytte v/ Lars Åge Hilde	2018/1552
5/2018 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Filming med drone ved Stetind - Visit Jotunheimen	2018/1660
6/2018 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2018 - Utskifting av sperregjerde og rydding av vegetasjon i Veslådalen - Storådalen Beitelag	2018/1710
7/2018 Gjendebåten - søknad om dispensasjon for bruk av snøskuter i samband med vedlikehald på brygga i Memurubu	2018/1285
8/2018 Delegerede vedtak - forlenging av tidlegare gitt dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Motorferdsel 2018-2020 - Bruk av båt og snøskuter på Gjende for overvåking av store innsjøer - NINA v/Knut Eikland Bækkelie	2018/1246
9/2018 Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde - Lågtflyging i samband med totaltelling av villrein - Vest-Jotunheimen villreinutval	2018/1331
10/2018 Delegerede vedtak - Dispensasjon - Jotunheimen nasjonalpark - Dronefilming Høgruta i Jotunheimen - Fri Flyt	2018/1561
11/2018 Delegerede vedtak - Jotunheimen nasjonalpark - Bruk av snøskuter for frakt av materialar og saltstein - Storådalen beitelag	2018/1576

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	12/2018	06.04.2018

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - Prioritering av tiltak - 2018

Innstilling frå forvaltar

- Nasjonalparkstyret tek til orientering løyvingane til drift av styre og sekretariat, til arbeidet med forvaltningsplanen og pilotarbeid med implementering av merkevaren:

Drift av Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	kr. 300 000
Drift av sekretariatet (ekskl. lønsutgifter)	kr. 168 000* * førebels tal
Arbeid med forvaltningsplan	kr. 100 000

- Nasjonalparkstyret tek til orientering løyving for fullføring av pilot innfallspørt Sognefjellshytta etter oppdrag frå Miljødirektoratet: kr. 600.000 (inkl. overføring av unytta løyving på 500.000 frå 2017).
- Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen prioriterer midlane løyvd i bestillingsdialogen for 2018 slik:

A) Tiltak – økonomiansvar forvaltninga: Totalt 525.000 kr

Ny merkevare: Infopunkt Krossbu og Turtagrø, stiltak	220.000
Nye informasjonsplakatar Memurubu og Gjendebu	10.000
Vedlikehald og oppgradering av stignett, prioriterte behov etter slitasje og ferdselsbelastning	210.000
Barnas Naturoppsyn og mobil natursti	30.000
Forprosjekt Eidsbugarden – informasjonstiltak	30.000
Kundereise. Utvikle skilteksempel i Gaupne	15.000
Vedlikehald etablerte tiltak	10.000
Sum	525.000

B) Skjøtsel – økonomiansvar SNO: Totalt 500 000,-

Heimre Utladalen, slått og styrt beiting, kulturlandskap	330.000
Styving/rising av alm og lind i Utladalen	60.000
Krattrydding/vedlikehald Guridalen	30.000
Styrt beiting (storfe) i Gjendebuområdet	50.000
Vegetasjonsrydding Gjendebuområdet	10.000
Styrt beite ved Gjendebu (geit)	20.000
Sum	500.000

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Brev av 10.11.2017 frå Miljødirektoratet - Bestillingsbrev for 2018 - Rammer og opplegg for verneområdestyrer - Innmelding av behov for tiltaksmidler og bestilling av tjenester av SNO
2. Sak 59/2017 i Nasjonalparkstyret - Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen - Tiltaksmidler og bestillingsdialog med Statens naturoppsyn - 2018
3. Søknad om tiltaksmidlar i elektronisk søknadssenter (ESS) – vedlegg 1
4. Tildeling av midlar for 2017, behandling i ESS (vedlegg 2).
5. E-post av 14.02.18 frå Miljødirektoratet - *Midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2018*
6. Budsjettnotat Miljøvernavdelinga datert 31.01.17 – fordeling administrative kostnader nasjonalparkane og fellestiltak
7. Vedtak om deltaking som pilot besøksforvaltning, sak 23/2014 i møte 07.04.2014.
8. Vedtak om besøksstrategi for Jotunheimen 2013-2017, sak 45/2012 den 07.11.12
9. Tiltaksplan - oversikt, bakgrunnsdokument til sak 59/2017

Saksopplysningar

Nasjonalparkstyret hadde i sak 59/2017 gjennomgang av aktuelle tiltak for søknad om tildeling via elektronisk søknadssenter, og dette er fylgd opp av forvaltarane.

Jotunheimen nasjonalpark får som pilot for merkevareprosjektet til Miljødirektoratet ein øymerka pott på 600.000 for slutføring av pilotprosjekt på Sognefjellet (hovudsakleg overførte midlar frå 2017). Oppdraget vårt er etablering av ein innfallsport, eller eit utkikkspunkt, som illustrerer satsinga med ein tydelegare invitasjon til nasjonalparken og viser element frå profilmmanualen til *Norges nasjonalparker* som er utforma av Snøhetta Design på oppdrag frå Miljødirektoratet.

I tillegg er det løyvd 525.000 til andre tiltak. Vidareføring av skjøtsel er prioritert med 500.000 som er sett av til potten som SNO forvaltar for nasjonalparken. Sjå vedlegg 2 – løyving ESS.

Midlar til drift av nasjonalparkstyret er løyvd med ramme 300.000 kroner. Til arbeidet med revisjon av forvaltningsplan er det løyvd 100.000 kr. Sekretariatet for Jotunheimen får tildelt budsjett ved intern fordeling av ressursar hos Fylkesmannen (beløp ikkje endeleg fastsett).

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret har delegert forvaltningsmyndigheit for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde i medhald av vedtekter, sist revidert 13.08.2015. Pkt. 8.2 i vedtektene legg opp til at «*Nasjonalparkstyret prioriterer bruken av de tildelte midlene. Alle tiltak skal være i tråd med godkjent forvaltnings-/tiltaksplan for verneområdene og andre relevante styringsdokumenter.*»

Vurdering

Drift og øymerka midlar

Styret: Tildeling til drift av nasjonalparkstyret ligg noko under det innsendte budsjettforslaget frå sekretariatet. Forslaget var sett opp med utgangspunkt i aktiviteten i styret i 2017. Ein hadde da fleire møte med overnatting og ein studietur, og det er mogleg å tilpasse drifta slik at ein gjennomfører alle møte som er nødvendige for ei god forvaltning av verneområda.

Sekretariatet: Midlar til drift av sekretariatet har dei siste åra vore ein god del under innmeldt behov, men takka vera ekstra ressursar knytt til pilotstatus for besøksforvaltning har ein likevel kome i mål. Nå når pilotperioden med ekstra ressursar er over må ein forvente at midlar til drift av sekretariat kjem opp att på eit nivå som gjer det mogleg å leggje til rette for ei aktiv

forvaltning også på andre område. Med eit stort geografisk område er det nødvendig å kunne reise ut og delta i prosessar for initiering av nye tiltak som kan bidra til både verdiskaping og bevaring av verneverdiane. Budsjettet må spegle at Jotunheimen har to forvaltarar og ekstra reisekostnader som følgje av at eine kontoret ligg i anna fylke.

Forvaltningsplanen: 14. november 2014 kom ny verneforskrift for Jotunheimen og Utladalen, og arbeidet med revisjon av forvaltningsplanen i tråd med nye forskrifter og nye overordna politiske føringar vart sett i gang ved dialog med Miljødirektoratet i starten av 2015 og utsending av formelt oppstartsbrev 02.09.2015. Arbeid planlagt i 2017 vart forsinka som følgje av andre oppgåver, men ein har likevel fått utført mykje grunnlagsarbeid i form av registreringar og fagrapportar (villrein, fugl, sykling). Ein reknar dei tildelte ressursane på 100.000 som tilstrekkeleg for arbeidet som skal skje i 2018. Ferdig plan skal godkjennast av direktoratet og ut i høyringsprosess, så den er er neppe klar for trykking før i 2019.

Pilot besøksforvaltning: Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen vil i 2018 fullføre pilotprosjektet i merkeveresatsinga til Miljødirektoratet, og opning av pilot innfallspørt ved Sognefjellshytta er planlagt til etter fellesferien i 2018. Det er løyvd 600.000 til sluttføring.

Bestillingsdialogen

Behovet for tiltaksmidlar i verneområda i Noreg er aukande. Jotunheimen og Utladalen har hatt eit stort aktivitetsnivå i mange år og har også fått mykje tiltaksmidlar. Større fokus på aktiv forvaltning og besøksforvaltning har også skapt auka forventingar til ressursar. Det har i liten grad kome friske midlar knytt til KLD og Miljødirektoratet si satsing på merkeveren med meir aktiv besøksforvaltning, så dei avgrensa ressursane krev streng prioritering. Sjølv om Jotunheimen kjem relativt bra ut med ressursar i bestillingsdialogen, er tiltaksmidlane til på eit minimum av det ein må ha for forsvarleg forvaltning av eit så trafikkert område. I samband med Oppland fylkeskommune sin søknad om å fremme Besseggen som nasjonal turiststi har vi gjeve innspel om at det også bør vera ein eigen pott for erosjonssikring og vedlikehald på denne svært trafikkerte ruta.

Pilot innfallspørt Sognefjellet og heilskapleg informasjon langs Fv 55

Jotunheimen har som pilot saman med Norsk fjellsenter og Nasjonalparklandsbyane og nasjonalparkkommunane fått ansvar for utprøving av skilting og tilrettelegging av kundereisa, frå starten av turen og fram til nasjonalparken som målet.

Nasjonal Turistveg Sognefjellet vil bli ei pilotstrekning, og den større tilrettelegginga ved Sognefjellshytta vil bli supplert med skilting på dei to andre sentrale innfallspørtane, Turtagrø og Krossbu. Einsarta skilting langs heile vegstrekninga er viktig for å gje området eit løft i tråd med den nye profilen. Detaljar ved konstruksjon og montering av skilt har vore ein svært lang prosess, og Miljødirektoratet har sjølv stått for bestillinga av portalskilt og skilttavlar som skal opp langs Fv. 55, Det tok lang tid å få ferdigstilt designet av informasjonsplakatane, og med leveringstid på trykk av glasplater kom ein for langt ut på hausten til at det var hensiktsmessig å setja opp desse i 2017. Når ein også fekk utsett levering av betongmøblar, vart det bestemt at dei siste elementa skulle setjast opp etter snøsmelting i 2018.

Anlegget rundt Fantesteinvatnet ved Sognefjellshytta er eit blikkfang, og kan gje turistar utan fjellerfaring eller -utstyr ei første oppleving av Jotunheimen og høgfjellet.

Turtagrø

Den gamle skilttavla ved Turtagrø vart rydda vekk i 2017, og ny karttavle og tematavle om villrein er produsert (glastrykk) og vil bli utplassert til sommaren. Det er vidare behov for tilrettelegging for å styre ferdsla gjennom myrlendt terreng, og å flytte dagens sti litt unna privat hytte etter ønskje frå eigaren. Området er mykje brukt, men ein legg ikkje opp til å promotere området ut over det som uansett skjer gjennom den etablerte toppturaktiviteten i området. For vegfarande som ønskjer ein liten beinstrekk, vil ein sjå om ein kan framheve eit fotopunkt ved brua. Portalskilt med utsyn mot Hurrungane kan vurderast.

Krossbu

Her er det ingen nasjonalparkinformasjon i dag. Det er godt utsyn både til Jotunheimen og Breheimen frå parkeringsplass rett nedanfor turisthytta, og avstanden til nasjonalparkgrensa for Breheimen er her svært liten. Området er særleg attraktivt i samband med vårskiløping og brevandring, og det er behov for tilrettelegging og informasjon om trygg ferdsel på bre.

Karttavle og tematavle om geologi og brevandring er produsert med trykk på glas, og vil bli utplassert til sommaren. Vidare trengst eit minimum av tiltak på stigen frå parkeringsplassen og ned mot brua der stinettet mot breane og toppane startar. Det ligg vidare godt til rette for etbalering av ein natursti med fokus på kvartærgeologi langs stien mot Bøverbrean. Glaskilt og stålplater til informasjonstavlene ved Krossbu og Turtagrø er bestilt av Miljødirektoratet direkte, som ledd i pilotutprøvinga. Tiltak i regi av forvaltninga er tilrettelegging rundt tavler og oppgradering av stistart.

Andre innfallsportar og informasjonspunkt

Juvflye, Gjendesheim og Reinsvangen, Utladalen

Ved dei mest trafikkerte innfallsportane vil ein synleggjera den nye profilen, og arbeid med informasjonsplakatar er i gang. Ny kartplakat og temaplakat Galdhøpiggen er produsert, og kjem opp på eksisterande skiltstativ ved Juvvasshytta. Ved Gjendesheim og Reinsvangen vil informasjon tilretteleggjast i nært samarbeid med Nasjonale Turistveger. Vi har levert ferdig design på nye karttavler tilpassa formatet til vegvesenet, og trykk og montering blir integrert i anlegga til turistvegprosjektet.

Det er trykt nye karttavler med ny design som erstatning for dei gamle tavlene i Koldedalen og ved parkeringa til Skåri. Informasjonen ved Skåri må supplerast med tematavler, etter nærare vurdering i forprosjektet for Utladalen som fekk midlar i 2017.

Gjendebu og Memurubu

Det er i dag mindre tavler ved bryggene i Memurubu og Gjendebu. Desse ligg inne i verneområdet, og treng ikkje så stort format som det ein nyttar ved innfallsportane. Plakatane er delvis øydelagde og treng fornying. Ein legg opp til gjenbruk av eksisterande stativ, da desse er enkle og nøytrale i form, og framleis i god stand. Trykk på aluminium er enklast der ein skal tilpasse til eksisterande stativ, medan Miljødirektoratet ønskjer at det blir nytta glas på dei mest synlege punkta med nye cortenståltavler.

Andre informasjonstiltak

Trafikal skilting frå hovudvegane må arbeidast vidare med. Ein har aksept frå Statens Vegvesen for nasjonalparksilting mot Eidsbugarden ved Tyin, men dei brune skilta skal avløyast av skilt med ny design etter merkevaren. Ein kjenner ikkje status på nye vegskilt. Lage døme på skilting i stikryss ved Gaupne som viser *kundereisa* mot ulike verneområde i nærleiken. Samarbeid med Nasjonale Turistveger som har informasjon på staden frå før. Det skjer mykje rundt Eidsbugarden, og det er ønskeleg å synleggjera verneområda betre enn i dag. Informasjonstavla ved sida av kommunal tavle nede ved Bygdin kan bli ståande, men bør supplerast med informasjon tettare opp mot stinettet. Det blir tilrådd eit forprosjekt på informasjon frå parkeringa ved Eidsbugarden og eventuell informasjon ved Tyinkrysset. Samarbeid med Vang kommune og reiselivet om implementering av ny merkevare, og synleggjering av nasjonalparken og landskapsvernområdet gjennom skilting og informasjon.

Stigvedlikehald

Besøksstrategi for Jotunheimen har årleg stigvedlikehald som prioritert satsing, og dei mest brukte strekningane er utsett for slitasje, samstundes som dei trekkjer til seg ein del uerfarne brukarar med behov for ein trygg og god stig.

Det er registrert behov for utbetring på fleire strekningar, jf. søknaden:

- Vintervegen Fannaråken – søkt om kr. 200.000
- Vedlikehald Vettisfossen nede og oppe – søkt om kr. 20.000
- Kloppegging av blaute parti Krossbu – Bøverbrean – søkt om kr. 20.000
- Generelt vedlikehald og førebyggjande tiltak mot erosjon – søkt om kr. 100.000

Det vart søkt om 340.000 kr til stiltak, medan samla løyving til informasjon og stiltak er 525.000. Det blir foreslått 210.000 til dei nødvendigaste stiltaka. Stigar med stor trafikk må prioriterast. Endeleg prioritering blir gjort ut frå registrerte behov og rasjonell gjennomføring med samla innsats på område som heng naturleg saman.

Vedlikehald og drift av toalett

Når ein har investert i tiltak er det vanskeleg å unngå driftskostnader. I søknadsbehandlinga blir det vist til at drift normalt ikkje skal dekkast av tiltakspost. Når ein ikkje har andre midlar, må konsekvensen av ein slik «strategi» bli at etablert tilrettelegging som medfører kostnader må stengjast eller fjernast. Utedoen ved parkeringsplassen i Veodalen er oppført av forvaltninga. Doen må fjernast om ein ikkje kan dekkje årleg tømning og minimum eit par runder med rydding og vask i løpet av sommaren. Det er ikkje realistisk å ha dagleg tilsyn ut over det som vertskapet i Glitterheim eventuelt kan ta på seg når dei likevel passerer.

Skjøtsel:

Det er tildelt 500.000 kr som er øyremerka skjøtelsprosjekt. Forslag til fordeling er hovudsakleg i samsvar med søknad. Potten er auka med 50.000 frå i fjor. Mesteparten av auken er foreslått lagt til Utladalen, men forvaltar tilrår ein liten auke også på samarbeidsprosjektet med Storådalen beitelag. Her er det aktive gardbrukarar som nyttar utmarksressursane og held oppe kulturlandskapet, men utfordringa er lang og kostnadskrevjande transport av beitedyra. Heimre Utladalen fekk ekstra 30.000 i ekstra midlar i fjor, da skjøtselen i Guridalen ikkje let seg gjennomføre som planlagt. Streng prioritering er nødvendig, da det er betre å utføre tiltaka som blir prioritert på ein god måte, framfor å spreie innsatsen over fleire område enn ein har ressursar til. Alle tiltak er derfor vidareføring av etablert skjøtsel. Skjøtselen i Utladalen omfattar slått, beiting og styving/risning av alm. SNO har også kome i gang med risning av lind der det tidlegare har vore slik hausting. Arbeidet i Guridalen blir planlagt vidareført i samarbeid med dei som har sau på beite i området, og ein vonar at ordninga kjem i gang att i 2018. Tiltaket med geitekillingar i Gjendebu blir teke inn att, saman med dei større tiltaka med storfebeiting og vegetasjonsrydding som skjer i samarbeid med aktive bønder med storfedrift i Gjendebu. Tiltaka blir styrt av lokalt SNO, i tråd med tidlegare år.

Eventuell omfordeling mellom enkelttiltak skjøtsel kan skje i samråd med forvaltarane (eventuelt styret/AU om det ikkje er semje administrativt).

Arkivsaksnummer:	2018/1852-3	Saksbehandlar:	Kari Sveen	Dato:	21.03.2018
------------------	-------------	----------------	------------	-------	------------

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen	13/2018	06.04.2018

Høyring - Kommunal- og moderniseringsdepartementet - Desentralisering av oppgaver frå staten til fylkeskommunene - Uttale frå Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen

Innstilling frå forvaltar

(Merk: Denne innstillinga med forslag til uttale er ei *foreløpig skisse*, som utgangspunkt for ein diskusjon i nasjonalparkstyret.)

Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen er skeptisk til å gjera omfattande strukturendringar utan ein god prosess som involverer berørte partar på ein god måte. Ekspertutvalet gjev sine tilrådingar ut frå eit oppdrag om at eit visst omfang oppgaver *skal* overførast, og ikkje ut frå ei open tilnærming der ein ser på kva oppgaver som ut frå ei fagleg vurdering bør omfordelast. Ekspertutvalet har hatt svært kort tid på rapporten, og involveringa har vore svært mangelfull. Det er foreslått endringar som omhandlar nasjonalparkstyra direkta, men styra er likevel ikkje med på lista over høyringspartar. Dette illustrerer godt mangelen på forankring og involvering av berørte partar.

Nasjonalparkstyret viser til at dagens ordning med lokal forvaltning av nasjonalparker og andre større verneområde kom i stand for få år sidan, etter ein grundig prosess med forsøksordningar og evaluering – jf. Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon (Prop.1 S (2009-2010), der det vart konkludert med at «*Lokal kunnskap erverva gjennom generasjonar sin bruk av natur vil og kunne bidra til å styrke forvaltninga av verneområda.*» Denne lokalkunnskapen finst først og fremst i kommunane i og rundt nasjonalparkane.

Ut ifrå retningslinjene som legg til grunn at «oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig» synest det lite logisk å flytte leiinga av nasjonalparkstyra til regionalt nivå, slik det er foreslått i rapporten. Dagens ordning med at nasjonalparkstyra konstituerer seg sjølve bør behaldast for å sikre sterk lokal forankring i forvaltninga.

Sekretariata for nasjonalparkstyra må sikrast gode fagnettverk innan naturkunnskap, og eit samordna system for administrativ og teknisk bistand for å kunne utføre arbeidsoppgåvene for styret på ein fagleg forsvarleg og kostnadseffektiv måte.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Høyringsbrev av 09.02.2018, henta frå nettside på Regjeringen.no
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-rapport-fra-ekspertutvalget-som-har-vurdert-nye-oppgaver-til-fylkeskommunene/id2589218/>
2. Rapport fra ekspertutvalg – Regionreformen - Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene
<https://www.regjeringen.no/contentassets/2ac32be8629541259acade7d15d9451e/regionreform---rapport-fra-ekspertutvalget.pdf>

3. Notat til nasjonalparkstyret sitt møte 19.02.18 - Orientering om Ekspertutvalget si tilråding og overføring av oppgåver til fylkeskommunane
4. Regjeringen - *Miljøverndepartementets budsjettproposisjon (Prop.1 S (2009-2010), s. 218-226) - ny modell for forvaltning av verneområdene (s. 223-224)*
5. Vedtekter for nasjonalparkstyret, sist revidert 13. august 2015.

Saksopplysningar

Det oppnemnde «Ekspertutvalget» har etter oppdrag frå regjeringa gått gjennom ulike offentlege saksområde, og foreslår ei omfattande omfordeling av oppgåver. Rapporten er nå lagt ut for høyring – sjå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing-av-rapport-fra-ekspertutvalget-som-har-vurdert-nye-oppgaver-til-fylkeskommunene/id2589218/> Høyringsfrist er 09.05.2018. Nasjonalparkstyret signaliserte i telefonmøtet 19.02.18 at dei ønskte å få ei sak for vurdering av ein uttale, etter å ha fått eit notat med ei kortfatta orientering om forslaget saman med sakspapira.

Nasjonalpark- og verneområdestyre er ikkje nemnde på liste over høyringsorgan. Dette til trass for at Ekspertutvalget foreslår endringar som direkte omhandlar desse styra - sjå utdrag frå s. 98 i rapporten:

«Utvalget mener at nasjonalpark-/verneområdestyrenes forvaltningsansvar bør videreføres. Det betyr at både fylkeskommunen og berørte kommuner deltar i disse styrene som bør ledes av fylkeskommunen. Videreføringen av styrene bidrar til at både kommuner og fylkeskommuner involveres i styringen av verneområdene. Ansvar for verneområdene som i dag forvaltes av fylkesmannen, overføres til fylkeskommunen som forvaltningsmyndighet. Fylkeskommunen vil dermed også få ansvar for oppfølging, veiledning og rådgivning av nasjonalpark-/verne-områdestyrene, og for ansettelse av nasjonalpark-/verneområdeforvaltere som vil fungere som sekretariat for det enkelte styre, slik som i dag. Utvalget understreker at en fylkeskommunal forvaltning og styrene må ivareta de nasjonale føringene for de ulike verneområdene. Forvaltningsansvaret for verneområder som i dag ligger til kommuner, bør forbli uendret.»

Alle står fritt til å leggje inn uttaler i høyringsportalen på KMD si nettside, uavhengig om ein står på høyringslista.

Dagens ordning med lokal forvaltning av nasjonalparker og andre større verneområde kom i stand for få år sidan, etter ein grundig prosess med forsøksprøvingar og evaluering – jf. Miljøverndepartementet sin budsjettproposisjon (Prop.1 S (2009-2010), side 223-224), der det vart argumentert slik for etablering av ei lokal forvaltning av verneområda:

«Lokalsamfunnets medverknad er fundamentet i eit godt fungerande demokrati. Det er også ønskjeleg å ha lokale folkevalde organ knytt til delar av statleg forvaltning i saker som er klart statlege, men som likevel blir best løyst ved kjennskap til lokale forhold. Forvaltning av verneområde er ei slik oppgåve der lokal kunnskap og erfaring kan bidra positivt. Lokal kunnskap erverva gjennom generasjonar sin bruk av natur vil og kunne bidra til å styrke forvaltninga av verneområda. Nærleik, identitet, tilhøyre og auka demokrati vil både på kort og lang sikt gi ein plussverdi i forvaltninga av områda. Det er naudsynt å få til eit auka lokalt eigarskap til verneområda. Forvaltninga av nasjonalparker og andre store verneområde bør derfor forankrast lokalt.»

Etter verneforskriftene fastset Miljødirektoratet kven som er forvaltningsstyresmakt, og denne myndigheita er delegert til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen, jf. vedtektene.

Vurdering

Ansvar for forvaltning av nasjonalparker og større verneområde vart etter grundige utgreiingar lagt til lokale verneområdestyre med brei politisk representasjon frå kommunar og fylkeskommunar (St.prp.1 S (2009-2010), der opprettelse av verneområdestyre er omtala).

Mandatet for desse styra er ifølgje styrevedtektene å «forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde. Alle representantene i styret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven.»

Reformen vart sett i kraft frå 2011 for Jotunheimen/Utladalen, og ein har fått fleire positive tilbakemeldingar frå brukarar, der det er lagt vekt på nærleiken til dei som brukar området ved at det er eit styre med lokale politikarar og sekretariat i to lokale forvaltningsknutepunkt. Som det går fram av tilrådinga frå «Ekspertutvalget», blir det foreslått at styra skal leiast av fylkeskommunen: «Utvalget mener at nasjonalpark-/verneområdestyrenes forvaltningsansvar bør videreføres. Det betyr at både fylkeskommunen og berørte kommuner deltar i disse styrene som bør ledes av fylkeskommunen.» Endringsforslaget er ikkje nærare grunngeve.

I dag er styra sjølvstendige organ, som sjølve vel sin leiar og nestleiar ved konstituering. Fleire verneområdestyre forvaltar elles areal i fleire fylke – også etter regionreformen med samanslåing til større fylke enn i dag. Dette spørsmålet er ikkje omtala. Det kan sjå ut som om utvalet har sett for seg at verneområda automatisk kjem under berre ein region etter regionreformen. Jotunheimen og Utladalen vil ha areal i to fylke, også etter den vedtekne samanslåinga av fylke. Dette gjeld også for mange andre verneområdestyre. Avstanden til det regionale nivået vil auke med dei nye storfylka. Dagens ordning gjev nærleik til kommunane med areal innan verneområda.

Det blir i rapporten vist til følgjande 5 retningslinjer:

1. *Oppgaver bør legges så nært innbyggerne som mulig, men på et så høyt nivå som nødvendig for å sikre en kostnadseffektiv oppgaveløsning*
2. *Det myndighetsorgan som er tillagt ansvar og beslutningskompetanse for en oppgave, skal også ha fagmiljøet tilknyttet oppgaven og ansvaret for å finansiere utgiftene til oppgaveløsningen*
3. *Oppgaver som krever utøvelse av politisk skjønn og vurdering bør legges til folkevalgte organer*
4. *Oppgaver som krever stor grad av samordning, og/eller oppgaver som har store kontaktflater med hverandre, bør legges til samme forvaltningsorgan*
5. *Oppgaver som av ulike årsaker ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, bør være et statlig ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgaver som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning*

Når ein ser forslaget opp mot desse retningslinjene, er det vanskeleg å forstå grunngevinga for å overføre ansvaret for leiing av nasjonalparkstyra til fylkeskommunen. Nasjonalparkstyra har fått si myndigheit til forvaltning av verneområda delegert frå staten v/ Miljødirektoratet. Pkt. 1 om nærleik til brukarane tilseier at kommunane framleis bør ha ei sterk og direkte rolle i forvaltninga. Forslaget om at styra skal leiast av fylkeskommunen kan verke motsett, ved at avstanden til brukarane aukar. For Jotunheimen/Utladalen sitt vedkomande blir det to store fylkeskommunar å forhalde seg til, med fylkesadministrasjonane plassert i høvesvis Hamar og Bergen. Dette vil vera eit attendesteg i høve til pkt. 1 om nærleik til brukarane – jf. dagens situasjon med kommunane som sterke aktørar i verneområdeforvaltninga. Det verkar ikkje logisk å foreslå at forvaltninga skal leggjast under fylkeskommunen, som vil ha eit fjernare forhold til verneområda.

Pkt. 3 om at oppgåver som krev politisk skjønn skal leggjast til folkevalde organ er allereie iverksett ved at nasjonalparkstyret består av folkevalde representantar frå kvar kommune og fylkeskommune med areal innan verneområda. Det er styret sjølv som konstituerer seg og vel leiar, nestleiar og eit eventuelt arbeidsutval. Når det gjeld sjølve oppnemninga av styret så kan det kanskje diskuterast om dette bør vera som i dag med formell oppnemning i Miljødirektoratet, eller om det bør vera t.d. fylkeskommunen med størst areal som gjer den formelle oppnemninga. Kandidatane er det kommunane og fylkeskommunane sjølve som har vald, slik at det berre er endeleg samansetnad med fordeling på faste representantar og vararepresentantar som er oppgåva til oppnemningsorganet.

Pkt. 5 om at «*Staten bør ha ansvaret for oppgaver som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning*» er relevant når det gjeld ansvaret for ei kunnskapsbasert forvaltning av verneområda i eit langsiktig perspektiv. Med dagens tilknytning til Fylkesmannen har sekretariata tilgang til spisskompetanse innan naturforvaltning og bruk av digitale databaser som ligg under fagansvaret til Fylkesmennene i dag. Ein har vidare ein felles struktur med økonomisystem og saksbehandlarsystem som er likt for alle fylkesmannsembeta. Det må vera ein føresetnad at ved ei eventuell overføring til ein fylkeskommune må ikkje sekretariata få mange ulike system å forhalde seg til. Forvaltningsknutepunkta ligg spreidd over heile landet, og med små kontormiljø på kvar plass er det viktig med felles administrative system og eit sterkt nettverk der det ligg godt til rette for erfaringsutveksling / deling av kompetanse.

Forvaltninga av verneområda skal vera kunnskapsbasert, og styrevedtektene pkt. 8 slår fast at «*styret skal forvalte verneområdene i samsvar med internasjonale forpliktelser, naturmangfoldloven og verneforskriftene for det enkelte verneområde*». Vidare heiter det at «*Alle representantene i styret har et felles ansvar for en helhetlig forvaltning av verneområdene hvor ivaretagelse av verneverdiene og verneformålet er hovedoppgaven.*»

Punkt 5 i retningslinjene for arbeidet i det såkalla ekspertutvalget legg til grunn at «*Oppgaver som av ulike årsaker ikke skal la seg påvirke av lokalpolitiske forhold, bør være et statlig ansvar. Staten bør ha ansvaret for oppgaver som forutsetter et nasjonalt helhetsgrep for god oppgaveløsning*». Dagens nasjonalparkstyre har fått sine mandat delegert frå statleg nivå, og styra har i stor grad greidd å forvalte dette ansvaret på ein god måte. Samtidig har ein i saker som krev politisk skjønn greidd å fange opp lokale forhold og lagt til rette for verdiskaping. Enkelte saker har vorte påklaga, men omfanget av klagesaker er relativt lite i høve til dei mange sakene som går gjennom systemet. Dette tydar på at styra i stor grad har forstått rolla si, og evnar å forvalte områda i tråd med intensjonane i vernevedtaka. Verdiskaping i tilknytning til verneområda er avhengig av eit godt samspel mellom verneområdeforvaltninga og kommunane, da det er kommunane som er planmyndigheit for dei juridisk bindane arealplanane som styrer arealbruken rundt innfallsportane til verneområda. Regionale planar er som kjent ikkje juridisk bindane for arealbruken, og gjev såleis ikkje den same tette samhandlinga som ein kan få gjennom den nære dialogen med kommunane som dagens forvaltningsordning legg godt til rette for.

Sekretariata for nasjonalparkstyra må ha tilgang til spisskompetanse når det gjeld særleg sårbare artar og naturområde gjennom vidareføring av sterke og gode fagnettverk. Dette er nødvendig for at styra skal kunne oppfylle sitt ansvar for ei kunnskapsbasert forvaltning og å ta vare på verneverdiane i tråd med nasjonale og internasjonale føringar. Ansvaret for ei berekraftig forvaltning av artar og nasjonale verneområde i eit langsiktig perspektiv tilseier at det bør vera eit statleg ansvar å oppretthalde eit naturfagleg kompetansemiljø som støttar desse oppgåvene i framtida. Det bør ikkje vera opp til eit regionalpolitisk skjønn i kva grad ein skal setja av ressursar til å oppretthalde eit slik fagmiljø. Med tilgang til brei naturfagleg kompetanse på alle område vil nasjonalparkstyra ha eit godt grunnlag for å kunne vurdere korleis ein kan leggje til rette for auka verdiskaping, utan at det går ut over verneverdiane.